

misjon – ut over lesegleden ved en god biografi.

Under arbeidet med denne anmeldelsen gikk undertegnede til biblioteket for å låne den tidligere omtalte ettbindsutgaven fra 1951. Og for en bok! Store bøker blir gjerne omtalt som «mursteiner». Hva skulle en så kalle denne? Kampestein? Den veier ca. fem kilo og er på vel 800 storformatsider. Ikke akkurat en bok man leser på sengekanten – eller tar med seg som reiselektyre! Og enda er den ikke komplett.

Det er åpenbart at Arvid Bryne har brukt denne som sin viktigste kilde, for alle hans teksteksempler, samt tegninger, må være hentet herfra. Og da kunne man lett tenke (ønske) seg en tredje utgave av «utvalgte tekster», i ett eller to–tre bind, i et mer hendig format, gjerne med kommentarer av Arvid Bryne! Et slikt opplegg tror jeg ville bedre fått fram ordkunstneren og journalisten Krohg, og vært et mer verdifullt bidrag til norsk presse- og journalistikkhistorie.

Men det er som regel urettferdig å kritisere en forfatter for at han har skrevet den boka han har skrevet, og ikke den anmelderen hadde ønsket at han hadde skrevet. Og dette er en meget leseverdige bok, skrevet for et bredt publikum, ikke for spesielt interesserte.

Det var som nevnt forfatteren Johan Borgen (1902–79) som samlet tekstene til 1951-utgaven. I forordet forteller han at utvalget hans av tekster er noe forskjellig fra det utvalget som ble gjort i 1920–21, at han var slått av at «det var et vell av verdifullt, tidsmalende stoff som ikke var

kommet med [...] Bare av intervjuer med det vi kaller jevne mennesker, er der en sånn rikdom at det slett ikke er lett å velge og vrake».

I dette forordet sier ikke Johan Borgen noe om sitt eget forhold til Chr. K., men bare det at han tok på seg oppgaven å redigere dette verket tyder jo på at han må ha vært fascinert av Krohgs tekster, og sannsynligvis var påvirket av dem i sin egen skrivekunst. Selv med en overfladisk lesning av de to slår det meg at her må det finnes likhetstrekk, en hypotese jeg selv neppe vil gå videre på, men som kunne vært emne for en hovedfagsoppgave for en litteraturhistoriestudent?

Henrik P. Thommessen

Fra triumf til tragedie. Avisbedriften Tidens Tegn 1910–1941

Avhandling for dr.philos.-graden ved Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo 2008. 377 s.

Av Lars Arve Røssland

Det er uomtvisteleg ei spennande og interessant avhandling Henrik P. Thommessen har gjort i si *Fra triumf til tragedie. Avisbedriften Tidens Tegn 1910–1941*.

Dette er ei avhandling om *Tidens Tegn*, men kanskje vel så mykje om redaktørane Olav og Rolf Thommessen, som forfattaren er direkte etterkomar av.

Avhandlinga handlar om avisa *Tidens Tegn* sin vekst og sitt fall, og har som sitt bakteppe ein hendingsrik og på mange måtar dramatisk epoke i norsk historie.

Eit viktig utgangspunkt for avhandlinga er forfattaren si eiga hovudoppgåve frå 1991, *Verdens Gang og redaktør O. Thommessen – fra Johan Sverdrup i 1884 til Christian Michelsen i 1903. En analyse av redaktørens politiske bevegelse fra det «rene» Venstre til borgerlig samling*. Ein del av denne hovudoppgåva er teken inn i doktoravhandlinga. Det handlar om grunnlaget for og tida før *Tidens Tegn* vart oppretta i 1910.

Avhandlinga er delt inn i 14 kapitlar og 3 hovuddelar. I tillegg kjem det eit innleiings- og eit avslutningskapittel. Avhandlinga deler inn historia om *Tidens Tegn* i tre periodar på denne måten:

- Triumfen (1910–1917)
- Mellom barken og veden (1917–1927)
- Tragedien (1927–1941)

Forfattaren presenterer sjølv formålet med avhandlinga i innleiinga, på side 9:

Hensikten med denne avhandling er å presentere en monografi over *Tidens Tegn*, med vekt på økonomi og styring i denne avisen. Hensikten er ikke å foreta analyser av innholdet ut over det som er nødvendig for å gi bilder av avisens politiske tekster som kan ha fått konsekvenser for aksjeselskapets økonomiske stilling til enhver tid.

Formålet blir utdjupa på side 12:

Avhandlingens formål er å beskrive *de bedriftsøkonomiske* år-

sakene til «det som skjedde». *Tekstene* i en avis kan være så spennende, så provoserende, så interessante og så lærerike som tenkes kan, men hvis ikke den bedriftsøkonomiske delen blir tatt like godt vare på som avisens innhold, da kan det gå galt. Det er *bedriftens økonomiske historie* som denne delen er opptatt av. Det fokuseres på aksjeselskapets gjøren og laden, med startvisjoner, produktutvikling, ansettelse, regnskapsførsel, styrefunksjoner og alt annet som hører med i driften av den juridiske enhet som et aksjeselskap er.

Hovudproblemstillinga fortel forfattaren, på side 12, er arva frå Odd Hølaas og denne *Tidens Tegn*-mannen si erindringsbok *De talte dagene* frå 1946. Det handlar, både for Hølaas og for Thommessen, om å finna *ei forklaring på «denne store avstragedien»*, som det blir fortalt at *Tidens Tegn*-historia i «bunn og grunn» er. Avhandlinga leitar etter ei forklaring på korleis *Tidens Tegn* kunne gå frå ein påfallande stor triumf til ein merkeleg eller for mange ein heilt uforståeleg tragedie.

I denne programerklæringa ligg det eit svært ambisiøst og svært utfordrande prosjekt. Dette heng saman. For det første skal mykje behandlast. For det andre blir det trukke opp problematiske avgrensingar til det som *ikkje* skal behandlast. For det tredje ligg forfattarens nærleik til studieobjektet der som eit ibuande problem.

Forfattaren reiser ei rekkje hypote-

sar tidleg. Eg har i alle fall notert meg desse:

- 1 Det var tida *før* danninga av *Tidens Tegn* i 1910 som var grunnlaget for avisa sin suksess frå aller første dag.
- 2 Det var avisa sine politiske utspel som til sjuande og sist utgjorde investorars interesse i å engasjera seg økonomisk i aksjeselskapet, i tillegg til viljen til kjøparane og lesarane til å kjøpa produktet. Også annonsørane sin godvilje overfor avisa hang saman med politikken.
- 3 Det er redaktør og gründer Olav Thommessen som er forklaringa på *Tidens Tegn* sin formidable oppstart-suksess.
- 4 *Tidens Tegn* kom i stadig aukande grad i utakt med utviklinga i det politiske landskapet, særleg knytt til radikaliseringa og til utviklinga i partiet Venstre. Dette var ein vesentleg årsak til at avisa mista truverde som medspelar i det politiske landskapet.
- 5 Det var avisa si politiske tilhøyrse – og seinare mangel på tilhøyrse – som avgjorde avisa sin lagnad.
- 6 Dei forpliktelsane som avisa tok på seg som deltakar på den politiske scena, utvikla seg til ei brennande lunte.
- 7 Redaktørane sitt partipolitiske engasjement fekk dei mest alvorlege følgjer for drifta.
- 8 Styret som vart etablert i 1919 var berre ein formalitet, for å leva opp til handelsregisteret sitt

krav til at aksjeselskap må ha eit ansvarleg styre.

Desse hypotesane kan me sjå på frå ulike synsvinklar. Ein første måte er å seia at dette er eitt grep mellom dei grepa som forfattaren har valt i si *framstilling* av historia om *Tidens Tegn*. Det handlar om den tolkinga og den framstillinga av historiske hendingar og handlingar som forfattaren har valt: *Korleis er utval og tolking prega av at dette er ei historie om eit fall, om eit forfall?* Forfattaren problematiserer i liten grad egne sjanger- og stilmessige val. Dette blir spesielt synleg på grunn av den openberre nærleiken til studieobjektet forfattaren har: Det er forfallshistoria til forfattarens forfedre. Grepa burde ha vore drøfta tydeleg i staden for å vera goymt unna. *Er det først og fremst familiemedlemmet og ikkje forfattaren eller historikaren si stemme me møter i viktige passasjar?* Forfallshistoria er historia om forfallet også til nære familiemedlemmer. Jens Arup Seip har ein stad skrive at historikaren si oppgåve ikkje er å *kle på*, men å *kle av*, å *avsløra* dei *eigentliche* motiva til aktørane i historia: Vil ikkje ein nærståande intuitivt i større grad ønska å kle på enn å kle av i si tolking og framstilling? Spesielt i samband med omtalen av utviklinga på 1930-talet synest det utfordrande for forfattaren å vurdere Rolf Thommessen sine val og prioriteringar på analytisk og distansert vis.

Språkleg blir det gjort ei rekkje val, på ulike nivå. Det skjer til dømes i overskrifter og i innkapsling av tema, som når *Tidens Tegn* si histo-

rie blir delt inn i tre epokar og epokane blir gitt styrande namn: Triumfen – Mellom barken og veden – Tragedien. I denne språklege namngivinga blir det lagt til grunn mange ting: Etableringa av *Tidens Tegn* var ein triumf, ein «siger», for nokon, over nokon andre. Det blir definert to pressfaktorar, ein bark og ein ved, som pressar mot dei som driv *Tidens Tegn* i den definerte midtperioden. Siste epoke blir så definert som noko tragisk, for nokon, på grunn av nokon osb. Spørsmålet som naturleg ligg langt framme i lesinga av denne avhandlinga er om tolkinga av og forteljinga om historiske hendingar er blitt *vridd* på *systematiske* vis på grunn av historikaren sine verdiar og forforståing. Eg finn heltar og skurkar i denne historia, eg finn komiske figurar og tragiske figurar, men eg finn svært lite drøfting av grepa som gir meg som lesar desse figurane.

Litteraturgrunnlaget for avhandlinga kunne vore rikare. Dessutan er ein del av den sentrale litteraturen tydeleg svært selektivt brukt. Tor-mod Valaker si bok om avisene i mellomkrigsåra sitt forhold til fascismen blir til dømes ganske kort avvist. Valaker framstiller på den andre sida nærmast Rolf Thommessen og Quisling som gode venner og nære allierte, i alle fall i bisetningar og mellom linjene. Dette burde nok ha vore drøfta nærare i denne avhandlinga. Andre kjelder, som Oskar Hasselknippe, har forfattaren eit litt av-og-på-forhold til når det gjeld kjeldas truverde.

Forfattaren er *nær* på stoffet sitt i

fleire tydingar. Han er i nær slekt med dei mest sentrale aktørane i det. Samtidig er han så nær på studieobjektet meir generelt at det kan seiast å rå ei form for kontekstfattigdom i delar av framstillinga. Kunne ikkje til dømes omtalen av Olav Thommessen si politiske vandring vore tematisert tydelegare i forhold til utviklinga av det partipolitiske landskapet i Norge i perioden? På side 127 kan ein lesa: «Frisinnede Venstre var egentlig ikke noe parti i konvensjonell forstand», men så kan ein spørja seg: kva for parti var no parti i «konvensjonell» forstand på denne tida? Kanskje burde nettopp konteksten, med dei lite definerte partigrensene og den etter måten svake politiske institusjonaliseringa i Norge, vore langt sterkare framme som forklaringsfaktor.

Noko kontekstlaust, eller i alle fall kontekstfattig, blir også omtalen av profesjonaliseringsprosessen i norsk presse. 1910 og etableringa av Presseforbundet har ein heilt sentral plass i framstillinga. Men her får me veta lite om organisasjonars og redaktørars relasjonar til og reaksjonar på konflikten i gamle *Verdens Gang*. Til dømes blir redaktør Nils Vogt i *Morgenbladet* sitt forhold til eige styre behandla ganske så innforstått. På side 71 står det: «Da som nå var journalistene uhyre hårsåre når det gjaldt enhver form for 'innblanding' eller meningsytringer omkring det de i tide og utide velger å kalle 'pressens hellige kall', eller 'den redaksjonelle frihet'.» Her synest det som om skildringa av journalistane og pressa blir tidlaus, at dei kan omtalast på

same viset enten det er i 1910 eller i 2010.

Kontekstfattigdommen gjeld også bruken – eller ikkje-bruken – av Pierre Bourdieu. Avhandlinga kunne sikkert vore godt skriven også utan noko bruk av Bourdieu, men når forfattaren først har valt å nemna han, skaper det særlege utfordringar. For det første får me ein solid dose «kapital-dropping» gjennom avhandlinga, utan at kapitalomgrepet blir knytt til Bourdieu: her er «pekuniær kapital», «kulturell kapital», «sosial kapital», «politisk kapital» ... For det andre kunne Bourdieu sitt *felt*-perspektiv verkeleg fått grep om det innbyrdes forholdet mellom *Verdens Gang* og *Tidens Tegn*. Det handlar her om å forstå korleis dei ulike kapitaltypane kunne verka slik dei gjorde nett i den studerte perioden. På den andre sida har forfattaren ein svært fin relasjonell analyse av forholdet mellom *Aftenposten* og *Dagbladet*. Det burde vore meir av denne typen!

Ei hovudinnvending mot avhandlinga er altså at sentrale val og framstillingsgrep synest å ligga under, meir enn at dei er løfta opp, vist fram og drøfta. I intervju i samband med doktordisputasen sa forfattaren at det ikkje ville vore noko *VG* utan *Tidens Tegn*. Dette er ein interessant påstand, som forfattaren har belegg for i alle fall langs éin dimensjon (den økonomiske), men den er også diskutabel langs andre dimensjonar. Både forfattaren og hans inspirasjonskjelde Odd Hølaas slår fast at *Tidens Tegn* si historie er ei tragisk historie. På eit vis blir den gjort min-

dre tragisk dersom den *førte til noko*. Og forfattaren seier på mange vis at *Tidens Tegn* førte til den nye avisa *Verdens Gang*, som kom ut første gongen 23. juni 1945. På side 355 blir dette slege fast slik: «Ut fra de foreliggende opplysninger kan det neppe være tvil om at det var *Tidens Tegns* aksjonærer som skal ha æren for at det i det hele tatt ble mulig å stable den nye avisen *Verdens Gang* på bena.» Men blir ikkje den historiske tolkinga då styrt utelukkande av økonomi og aksjar? Og – på side 356 – kjem poenget om at det vart gitt medviten feilinformasjon om at det var Heimefronten sine folk som stod bak den nye *Verdens Gang*. Uttrykket «idémakernes retorikk» blir nytta. Her får forfattaren det til å høyrast ut som om «Heimefrontorganet» *berre* var retorikk. At det *også* var det, synest forfattaren å ha belegg for, men påstanden om at det *berre* var det, heng mulegeins saman med forfattarens overordna grep om forteljinga?

Det finst ein god del småting å irritera seg over, til dømes når det gjeld språk og referansar. Bruken av «VG» som forkorting – ei rekkje stader – for gamle *Verdens Gang* er eitt slikt irritasjonsmoment. Mistanken ligg langt framme om at denne bruken også heng saman med det tette forholdet forfattaren ønskjer å knyta mellom gamle *Verdens Gang*, *Tidens Tegn* og dagens *VG*.

Avhandlinga har altså overordna problematiske sider. Samtidig må det slåast fast at den også er grundig, god og interessant. Den gir verdifull innsikt i ein svært viktig bit av norsk

pressehistorie, frå ein spennande epoke i norsk historie.

Den gir nyansert kunnskap om fleire forhold som er gjengangarar som refererte sanningar i kortare eller lengre pressehistoriske arbeid. Det gjeld til dømes 1910-historia, historia om «hodet eller portemoneen», om starten for Norsk Presseforbund, om mytene og heltehistoriene frå dette i norsk pressehistorisk samanheng segnomsuste året. Den gir også nyansert kunnskap om den vedtekte sanninga om at *Tidens Tegn* og Rolf Thommessen «lefla med fascismen» i 1930-åra. Nei og ja og nja og tja, kan me kanskje seia etter å ha lese denne avhandlinga grundig. Biletet er rett og slett blitt rikare og meir nyansert.

Svante Lundgren

I svärdets tid – Det osmanska folkermordet på kristna minoriteter
Sahlgrens förlag, Otalampi 2009. 218 s.

Av Sigurd Sverre Stangeland

Folkemordet på armenarane er, nest etter Holocaust, det mest utforska folkemord i verdshistoria. Kvart år kjem det ut eit titals nye vitenskaplege bidrag i form av monografiar eller artiklar, ofte i form av detaljerte empiriske studium rundt folkemordets organisering. Men det har vore lita interesse i forskarmiljøa for å innplassera folkemordet i ein breiare

kontekst av ungtyrkisk og kemalistisk befolkningspolitikk. Som fylgje av statlege tiltak vart talet på kristne osmanarar busette innanføre grensene til dagens tyrkiske stat redusert frå fem millionar i 1913 til ein halv million i 1924. Av 4 ½ millionar kristne som i mellomtida hadde forsvunne hadde i overkant av 2 ½ million vorte drepne, om lag 1 ½ million, stort sett grekarar, vorte tvungne til å forlata landet, medan anslagsvis 250 000 kvinner og born hadde vorte tvangskonverterte til islam. Den tyske genocidforskaren Tessa Hofmann¹ har lenge teke til orde for å gjera bruk av eit slikt større perspektiv i den vitenskaplege tilnærminga til folkemordet, for å få fram at armenarane ikkje var dei einaste ofra for den ungtyrkiske og kemalistiske befolkningspolitikken. Andre genocidforskarar har gjeve uttrykk for det same, i det dei har byrja referera til *folkemorda på dei osmanske kristne*.² Denne breiare tilnærminga har vidare skapt fokus på spørsmålet om det går an å tala om ein mogleg *kontinuitet* mellom befolkningspolitikken til det ungtyrkiske regimet og det påfylgjande kemalistiske regimet.

Det er ei slik breiare tilnærming som dannar utgangspunkt for boka til finske Svante Lundgren. Forfatta- ren er ikkje berre oppteken av folkemordet på armenarane, men fokuserer i like sterk grad på korleis fyrst det ungtyrkiske og deretter det

1. T. Hofmann (red.), *Verfolgung, Vertreibung und Vernichtung der Christen im Osmanischen Reich 1912–1922*, Berlin 2007.

2. D. Schaller og J. Zimmerer, *Late Ottoman Genocides. The dissolution of the Ottoman Empire and Young Turkish population and extermination policies*, London 2009.